

Arvid Olai Thilesen
 Haukåsvegen 109
 5912 Seim

Referansar:
 Dykkar:
 Vår: 22/7877 - 22/88270

Sakshandsamar:
 Svein Arne Vågane
 svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
 18.11.2022

Spørsmål kring opparbeiding p-plass, vegrett til fritidseigedom og lukking av bekk - attendemelding og litt om vegen vidare - Gnr. 67/2 og 3

For ei tid attende tok Arvid Olai Thilesen – eigar av gnr. 67, bnr. 2 - kontakt med Alver kommune, landbruk i høve spørsmål om ny/endra tilkomst til bnr. 3 – sjå oversyn fig. 1. I tillegg ynskja Thilelsen å få ei vurdering av kva krav som vil verte stilt i høve alternativ for vegen til bnr. 3 t.d. som pl.plass ved hovudvegen etc. Lukking av ein bekk vart òg drøfta.




Fig. 1. Oversyn over dei ulike tenkte tiltaksområda.

Vurdering av vegen.

Bnr. 3 ynskjer å oppgradere/forlenge eksisterande veg frå off. veg til bnr. 3 som er ein fritidseigedom der bnr. 2 grensar rundt. Med unntak av siste få meterane inn på bnr. 3, må vegen ligge på bnr. 2. Den vil, som fig. 1 syner, måtte gå nær driftssenteret på bnr. 2. Eit av spørsmåla Thilesen tok opp var om det er utfordrande å få godkjent ein tilkomstveg til bnr. 3 så nær tunet på bnr. 2.

Fyrst vil vi peike på at i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar § 1-3 står det at vegar under 150 m eller der samla areal vegen legg beslag på utgjer under 450m², ikkje treng søkjast om. Utan ein konkret søknad er det såleis uråd å sei heilt konkret kva som vil vere tilfelle her. Så er det slik at ovanfor nemnde unntak ikkje gjeld dersom vegen kjem i strid med intensjonane i forskrifta sin § 1-1 er det heiter at «Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en slik måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger.

Vegen er om lag 140 m lang, men sidan den ligg så nær tunet kan det i utgangspunktet vere lurt å få denne vurdert etter forskrifta.

Men så er det slik at føremålet med vegen er avgjerande for om vegen kan handsamast etter ovanfor nemnte forskrift. I dykkar tilfelle oppfattar vi det slik at hovudføremålet med vegen er tilkomst til bnr. 3, men at tilkomst til dyrka jord med slåtte- og gyllevogn òg vil verte betra. Om landbruksinteressene for vegen er under 50 %, vil dette vere ei sak som må handsamast etter plan- og bygningslova.

Truleg vil vegen òg omfatte krav om avkørsleløyve – i dette tilfelle frå området ved snuplass som var kosta av deg.

Utan ein konkret søknad kan det vere vanskeleg å svare meir konkret enn dette, men vi tek med biletet som syner veglina.



Fig. 2. Vegen startar om lag her frå snuplassen. Tunet til bnr. 2 ligg til venstre slik det går fram av fig. 3.



Fig. 3. Vegen går nedanfor tunet før den brått svingar ned i retning mot bnr. 3



Fig. 4. Vi ser bnr. 3 og at vegen tett ved grensa svingar til venstre der den går ned til fulldyrka jord langs grensa til bnr. 3. Denne svingen er lite tenleg i høve framkome for landbruksmaskiner.



Fig. 5. Ved bnr. 3 er det om lag 1 m høgdeskilnad frå vegen og ned på høgda på bnr. 3.



Fig. 6. I høve landbruksinteressene kan ein òg tenkje seg at tilkomsten til innmarka skjer om lag der gravemaskina står. Bnr. 3 er bak fotografen.

Konklusjon veg:

Med dei opplysninga vi har no, hallar vi mot at tilkomsten til bnr. 3 utgjer meir enn 50% av veginteressene. Godkjenning av vegen må i så fall handsamast etter plan- og bygningslova.

Vurdering av p-plass som alternativ for vegen.

Området for dette alternativet er markert med raud firkant i fig. 1. Slik p-plass som skal vere for hyttefolk kan ikkje kome inn under landbruksvegforskrifta og må handsamast etter plan- og bygningslova. P-plassen vil krevje avkøyrsleløyve.

P-plassen er tenkt plassert om lag slik det syner i fig. 7 nedanfor.



Fig. 7. Thilesen ynskjer p-plassen lagt frå nærmeste steinrøys, opp mot fotografen og over bekken til høgre. Dette for å spare beitet. Bekken må i så fall lukkast, noko som er søknadspliktig – sjå fig. 8 og tilhøyrande tekst. Skal ein unngå bekkelukking må p-plassen flyttast lenger ned og då går det med meir beite.

Konklusjon p-plass:

Etablering av p-plassen er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Spørsmål om bekkelukking:

Dyr på beite trakkar ned kantane langs bekken. Uavhengig av plassering til p-plassen nemnt ovanfor, ynskjer Thilesen og lukke bekken i ei leng på 40-50m. Dette fordi beitedyr trakkar ned kantane til bekken – sjå fig. 8 neste side.



Fig. 8.Thilesen ynskjer å lukke bekken frå bilen og ned til der bekken er lukka om lag 3 m.

Utan nærmere opplysingar, gjer vi ikkje konkret vurdering av dette spørsmålet ut over at slik bekkelukking er søknadspliktig, noko som vart signalisert under synfaringa.

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arvid Olai Thilesen

Haukåsvegen 109

5912 Seim